



Ullensvang Arbeidarparti

Årsmøte 09. februar 2026 kl. 19:00 på Bokko

Årsmøtet får besøk av Landbruks- og matminister Nils Kristen Sandtrøen (Ap). Møtet er ope for alle interesserte. Det vert debatt og politisk diskusjon med statsråden fram til om lag kl 20:30. Det dei ordinære årsmøtesakene vert etter dette.

Statsråden vert utfordra på temaet:

" Matproduksjon mellom bratte fjell og trange fjordar - ein leveveg for spesielt interesserte?"

Saker:

- 01/26: Godkjenning av innkalling og saksliste
- 02/26: Val av møteleiar, referent, teljekorps og to til å underskrive protokoll
- 03/26: Protokoll frå årsmøtet 2025
- 04/26: Årsmeldingar og rekneskap
- 05/26: Budsjett
- 06/26: Endringar av vedtektene til Ullensvang AP
- 07/26: Innkomne forslag
- 08/26: Vedtekstfesta val
- 09/26: Val av delegatar til fylkesårsmøtet og representanskapet
- 10/26: Val på årsmøtet til Vestland Arbeidarparti
- 11/26: Val av nominasjonskomitè
- 12/26: Val av programkomitè



Årsberetning Ullensvang Arbeiderparti

Styret har bestått av:

Leiar	Tor Helge Haara Tjemsland	På val	2024-2026
Nestleiar	Anette Torvund	På val	2025-2026
Kasserer	Bjørn Vivelid	På val	2024-2026
Sekretær	Solfrid Horne-Moe	På val	2024-2026
Medlemsansvarlig	Amund Velure	Ikkje på val	2025-2027
Kvinnekontakt	Marit Jensen Måkestad	På val	2024-2026
Styremedlem	Olav Magnus Hammer	Ikkje på val	2025-2027
Styremedlem	Eirunn Lothe Midtun	På valg	2024-2026
Styremedlem	Knut Byrkjenes Hauso	Ikkje på valg	2025-2027

Partistyret tiltres av:

Roald Aga Haug - Ordførar

Vidar Solvi - Gruppleiar

Det har ikkje møtt representant frå AUF i 2025.

Talet på medlemmer i laget pr. 31.12.25 er 222. Dette inkluderer 25 medlemmer frå AUF. Dette er ei auke på 10 medlemmer, frå 212 pr. 31.12.24. Ein har fått 15 nyinnmeldte medlemmer i 2025. Det må i denne samanhengen nemnast at Ullensvang AP er særst glade for at det i 2025 igjen vart aktivitet i det lokale AUF-laget, som også har ein nettovektst på sju medlemmer.

Det har vorte gjennomført 8 ordinære styremøter, og 2 digitale, i perioden.

Ein har gjennomført 5 medlemsmøter i perioden og 1. mai arrangement. Are Tomasgard var gjest på medlemsmøte 20.mars og haldt innlegg med tema "Korleis skal industri- og energilandet Noreg møta ei verd i endring?". 30. april arrangerte ein eit medlemsmøte på Bokko med tema "Korleis skal vi sikre den sterke velferdsstaten for framtida?" Her fekk ein besøk av fire listetoppar frå Hordaland AP, deriblant Kulturminister Lubna Jaffery. På 1. mai frokosten deltok 59 stykk. Årets gjest var Energiminister Terje Aasland. 12. juni arrangerte UAP eit nytt åpent møte med tema "Sti og løypeplan på Hardangervidda. Lokale bruksretter o.l.".

I samband med valet vart det også arrangert ein politisk pub på Sentralbadet med Tonje Brenna 05. august.

Politiske saker:

Det politiske arbeidet i 2025 har dreia seg mykje om kraftrettigheitane til vertskommunane, då spesielt RSK-saka. Det har sjølvst òg vore mykje fokus og merksemd rundt rassikring av kvardagsvegane våre, men også større samferdselsprosjekt, som arm til Bergen. Oppstart av ny



tunnel mellom Seljestad og Liamyrane må sjølvstekt trekkjast fram i denne samanheng. Fyrste spatak vart teke av samferdselsministeren 19.mai.

Omsynet til reinsdyra på Hardangervidda, og arbeidet med tiltaksplan, har også prega det politiske arbeidet. Lokalt har ein arbeid godt inn mot miljødepartementet, for å tydeleggjere kor viktig dei lokale bruksrettane er for innbyggjerande våre.

Arbeiderpartiet fekk samla eit fleirtal for kommunebudsjettet, i saman med Høgre, VIP, SV, KRF og FRP.

Representasjon:

- Marit, Eirunn og Anette deltok på Kvinner og Kraft i regi av LVK.
- Marit, Anette, Amund, Eirunn, Tor Helge, Roald og Vidar deltok på fylkesårsmøtet i Bergen i mars.
- Det har vore eit representantskapsmøte i Vestland Arbeiderparti. Marit, Vidar, Toralv og Anette deltok på dette.
- Tor Helge har deltatt på dei fleste digitale møtene som fylkespartiet har hatt i slutten av kvar månad.
- Vidar og Roald deltok i januar 2025 på ei samling i Oslo for gruppeleiarar og ordførarar frå Vestland fylke.

Moglege utfordringer i 2026:

Lokalpartiet byrja 2026 med ei felles samling av kommunestyregruppa og styret. Her brukte ein tid på å diskutere korleis ein ynskjer at gruppa skal samhandle vidare i kommunestyreperioden.

Så går ein no mot eit nytt val i 2027.

Lokalt opplever ein noko misnøye mot partiet, spesielt frå utvalde deler av kommunen. Det sjølv om det er påbegynt, og planlagt, betydelege investeringar og satsingar i dei same distrikta.

Kommuneøkonomien byrjar å bli særskilt pressa. Spesielt vil dei planlagte investeringane kunne føre til framtidige utfordringar, då låneopptaket vil føre til ei ytterlegare auke av driftsutgiftene til kommunen. Dessverre har denne bekymringa til no gjort at ein ikkje har fått prioritert ynskja satsingar, som til dømes oppgradering av Odda Folkebad.

Ein må bruke tida fram mot valet godt. Partiet treng å synleggjere sin politikk, og vise at det er våre løysingar som ivaretar heile kommunen, frå Hegerland i syd, til Indre Bjotveit i nord.

Ellers er det gledeleg at medlemsauka til lokalpartiet fortsett også i 2025. Medlemstalet i Ullensvang Arbeidarparti har auka 23 medlemmer dei siste to åra. Me har i denne perioden fått 41 nye innmeldingar. Fleire av desse er småbarnsforeldre. Utfordringa lokalt vert å halde på dei nye medlemmene. Ein må ha som mål at desse skal verte aktive i organisasjonen. Forhåpentligvis vil partiet få nokre av desse til å stille på kommunevallista i 2027.

Vi ynskjer det nye styret alle gode ting og takker for oss.

For styret

Tor Helge Haara Tjemsland

Leiar